

ÅRSPLAN 2018 TIL 2020

Det teologiske fakultet

Både regjeringens melding om humaniora (Humaniorameldingen) og Forskningsrådets evaluering av den humanistiske forskning (Humeval) danner grunnlag for fakultetets planer de neste tre årene. Humaniorameldingen dokumenterte blant annet at teologi- og religionsfeltet er det området med størst vekst i studietilbud. Humeval bekrefter dette og viser samtidig at kvaliteten på forskningen på feltet er sterkt varierende. Det er altså et fagområde der konkurransen på studiesiden er stor, mens forskningskvaliteten til dels er svært svak. Det teologiske fakultet kommer godt ut i Humevals rapport. I konklusjonen ble det pekt på at TF har et svært sterkt miljø med potensiale for eksellens innen teologi og interreligiøse studier. Som det også fremgår av UiOs årsplan for kommende periode vil det utvikles en handlingsplan for humaniora, noe som vil følge opp Humaniorameldingen. For TF vil det være viktig å utvikle årsplanen slik at den styrker forskningen og en solid forskningsbasert utdanningsportefølje i tråd med de anbefalinger som humeval ga og de føringer som Humaniorameldingen legger.

Som det eneste universitetsteologiske miljøet i Norge påhviler det oss et særlig ansvar å bidra til en fornyelse av teologi som forsknings- og utdanningsfag. I det kommende året vil utdanningskvalitet og fornyelse knyttet til teologiprogrammet bli prioritert. Dette følger av integreringen av Det praktisk-teologiske seminar som fant sted i 2017 noe som har gitt et styrket fokus på kristen teologi og profesjonsutdanning. Fakultetet har samtidig fornyet og utvidet den interreligiøse kompetansen det siste året gjennom å knytte til seg en professor II i jødiske studier. Dette er en tilsetning som også underbygger satsning på fremragende internasjonale relasjoner. Hensikten er å styrke både utdanning og forskning på det interreligiøse feltet, og jødiske studier er et forsømt felt i norsk akademisk sammenheng. Vi vil de neste årene utvikle det interreligiøse feltet på en bredere front. En særlig styrke er at vi gjennom en bredere fagportefølje med teologiske studier innen kristendom, islam og jødedom kan fornye den universitetsteologiske fagutvikling innen forskning og utdanning.

Som humaniorameldingen viste, er konkurransen på studiesiden omfattende på teologi- og religionsfeltet. Fakultetet investerer atskillig av egen økonomi i tiltak som er direkte rekrutteringsarbeid og som dreier seg om studiekvalitetsutvikling. Vi har hatt et førsteårsprosjekt gående i et par år nå, som har sikret en særlig oppfølging faglig og sosialt av de nye studentene. Med den nye gradsindikatorer for resultatbaserte inntekter, vil det være viktig å følge opp studentene aktivt utover førsteåret. Et slikt fokus kan være å bidra til at praksis og yrkesrelevante erfaringer får en sterkere plass i utdanningsløpene.

I det kommende året vil TF arbeide med å forberede arbeidet med ny strategisk plan. Det innebærer arbeid med faglige prioriteringer og strategisk utvikling av planer innen forskning og utdanning. Til dette arbeidet hører også utredning av muligheter for å øke inntektene.

UTDANNING

Tiltak som skal gjennomførast på fakultetsnivå:

Tiltak 1 (UiO):

Fakulteta skal styrke studentane si integrering i fagmiljøet og gi god oppfølging undervegs i studia.

Forventa resultat ved utgangen av 2018:

- Fakulteta har styrkt introduksjonsopplegg og mottak.
- Fakulteta har bidratt til erfaringsdeling og spreing av god praksis.

Forventa resultat ved utgangen av 2020:

- Fråfallet etter to semester er ytterlegare redusert.
- Vurdering av studenttilfredsheit er innarbeidd i programevalueringane.
- Auka andel bachelor-, master- og ph.d.-studentar som gjennomfører på normert tid.

Aktivitet:

Fakultetet sitt 3-årige prosjekt *Studiekvalitet i førsteåret* (SKF) strekker seg til juli 2018. Prosjektet, som har vore leidd av ein universitetslektor i full stilling, har fokusert på mottak og oppfølging av dei nye studentane. Dette arbeidet vil bli konsolidert i den komande planperioden. På bakgrunn av ein førebels rapport frå prosjektet, utarbeidd i november 2017, blir prosjektet forlenga ut 2018, med sikte på å bli gjort permanent. Alternative forslag til korleis ei eventuell permanent vidareføring kan organiserast blir lagt fram for fakultetsstyret rett før (eller etter) sommaren 2018. Fakultetet vil arbeide vidare med introduksjonsopplegget som er styrkt ved at det er oppretta ei eiga facebook-gruppe for førstevalgssøkarar. Vi vil framleis arbeide for at studiestartsveka, fadderopplegget og internatseminaret for førsteårsstudentane trekker i same retning, slik at studentane får ei betre og tidligare integrering i fakultetet sitt fagmiljø, auka forståing av kva som blir kravd i studiet, samt ei grunnleggande forståing av særtrekka ved dei ulike programma dei er påmelde til. Ressursane blir sett inn mot dei studentane som er reelle og aktive. Dei nye studentane må gjennomføre eit skrivekurs som førebur dei på arbeidskrava i emna, og som er første del fram mot skrivning av bacheloroppgåve.

Utover tiltaka på førsteårsstudiet vil fakultetet også styrke den programspesifikke oppfølginga av studentar vidare framover i studieløpet, gjennom fagleg-sosiale tiltak, skrivekurs og på andre måtar. Programvise budsjett for fagleg-sosiale tiltak er etablert.

Vidare vil vi styrke master- og fordjupningsoppgåvene si tilknytning til fakultetet sine fagmiljø (fageiningar og forskargrupper).

I 2017 vart det for første gong engasjert masterstudentar som gruppelærarar på førsteårsstudiet. Dette vil bli evaluert i løpet av 2018 og eventuelt vidareført.

Forventa resultat ved utgangen av 2018:

- Fakultetet har konsolidert introduksjonsopplegg og mottak, og målt den første effekten av desse når det gjeld gjennomføringsprosent og studenttilfredsheit.
- Fakultetet har bidratt til erfaringsdeling og spreing av god praksis, mellom anna ved å dele vår «Lærer- og sensorrettleiing» som vart ferdigstilt i 2017.
- Rutinar er utvikla for å styrke sambandet mellom fagmiljøa (fageiningane) og arbeidet med master- og fordjupningsoppgåvene.
- Bruken av masterstudentar som gruppelærarar og eventuelt som mentorar vil bli evaluert.

Forventa resultat ved utgangen av 2020:

- Fakultetet sine resultat bidrar til at UiO når måla sine ved at alle nye studentar ved fakultetet har gjennomgått eit godt introduksjonsopplegg og mottak, og har styrkt sin motivasjon for å gjennomføre studia.
- Fråfallet etter to semester er redusert.
- Vurdering av studenttilfredsheit er innarbeidd i programevalueringene
- Ein aukande del av bachelor-, master- og ph.d.-studentar gjennomfører på normert tid.

Ansvar: Studiedekanan i samarbeid med studieadministrasjonen, prosjektleiar for SKF og fageiningsleiarane.

Tiltak 2 (UiO):

Fakulteta skal ta i bruk nyskapande og studentaktive lærings- og vurderingsformer for å styrke studentane sitt læringsutbytte og arbeidslivsrelevansen til utdanningane.

Aktivitet:

Teologiprogrammet (profesjon) og bachelorprogrammet i Religion og samfunn vart revidert og den nye studieplanen vart implementert frå hausten 2016. Ein ny og omfattande revisjon av teologiprogrammet, med fokus på den særegne kompetansen og dei særlege ferdigheitene som profesjonsstudiet skal gi, vil bli gjennomført i løpet av planperioden (utgreiing er sett i gong hausten 2017).

I perioden 2018-2020 vil dei programspesifikke læringsutbytta bli meir tydeleggjort. I 2018 vil vi også analysere erfaringane frå det første året med den reviderte årseininga Kristendom og islam (innført i 2017), mellom anna med tanke på behova til dei som ønskjer undervisningskompetanse i religion og etikk. Likeeins vil vi i 2018 analysere resultatet av det første året med vårt nye engelskspråkleg program Religion and Diversity, med tanke på fagleg profil og type studentrekruttering.

I løpet av 2016 vart det ferdigstilt ein rettleiar for dei som underviser. I denne rettleiaren styrkar vi samanhengen mellom vurderingsform, undervisningsform og læringsmål. Som del i utarbeidinga av denne vegleiaren vart det i 2016-17, i samarbeid med FUP, gjennomført fleire kurs med vekt på vurdering og eksamen. Samarbeidet med FUP vil bli vidareført.

Fakultetet har i 2016 (med stor studentoppslutnad) styrkt kontakten med Karrieresenteret og vil følge opp dette i 2017. Fakultetet vil også gjennomgå arbeidslivsrelevansen til studieprogramma og gjennomføre ei undersøking av korleis RESA-kandidatane vurderer relevansen av masterstudiane sine i yrkeslivet. Eit kontaktforum med arbeidslivet (Den norske kyrkja, eventuelt eit breiare felt) vil bli etablert.

Ombygginga av fakultetsbiblioteket til læringsmiljøsender vart gjennomført i 2017. I perioden 2018-2020 vil senteret bli aktivt promotert hos studentane og mykje av den fagleg-sosiale aktiviteten ved fakultetet vil bli lokalisert til læringssenteret.

Forventa resultat ved utgangen av 2018:

- Dei vedtatte programrevisjonane frå 2016, samt dei nye/reviderte programma frå 2017, er i rute når det gjeld implementering og kvalitetssikring.
- Sentrale element i det reviderte teologiprogrammet er implementert.
- Fakultetet har digitalisert alle eksamensformene.
- Lærar- og sensorrettleiinga frå 2017, som mellom anna er meint å styrke medvitet om bruken av ulike typar arbeidskrav og varierte eksamensformer, vil bli følgd opp med betra rutinar for

kommunikasjonen mellom emneansvarleg, programleiarar og fageiningar når det gjeld undervisningsplanlegging. Til dette høyrer jamlege samtalar (møter) mellom dei som underviser, om utdanningsrelaterte utfordringar.

- Rutinar for utarbeiding og kommunikasjon av emneviser og sensorvegledning er etablert.
- Kontakten med Karrieresenteret er styrkt og kontaktforum med arbeidslivet etablert.
- Nye praksisstudiar/praksisplassar for studentane på Religion og samfunn er utgreidd.
- Bruken av ekskursjonar til fagrelevante samfunnsinstitusjonar i Oslo-området er auka.
- Bruken av ekskursjonar til utlandet er gjennomgått, med tanke på dei ulike programma sine behov og i lys av budsjettmessige prioriteringar. .
- Det digitale læringssystemet Canvas er grundig introdusert for lærarane og tatt i bruk. Planar er lagt for erfaringsdeling om korleis Canvas kan fornye undervisningsformene.

Forventa resultat ved utgangen av 2020:

- Fakultetet har styrkt utdanningane sin arbeidslivsrelevans.
- Rekrutteringa til fakultetet sine studieprogram er styrkt. Særleg vil innsatsen for å styrke rekrutteringa til teologiprogrammet bli auka.

Ansvar: Studiedekanan i samarbeid med studieadministrasjonen og programleiarane.

EIGNE TILTAK UTDANNING

Tiltak A:

Aktivitet: ordinær programverksemd

Nedlegging/revisjon av program: I 2018 vil fakultetet gjere formelle vedtak om nedlegging eller revisjon av dei studieprogramma som er inaktive eller har få studentar. Programma Kristendomsstudiar og Profesjonsetikk og diakoni vil bli vurdert i ein komité vart sett ned i 2017 med mandat å greie ut om framtida til kyrkjeretta utdanningstilbod ved fakultetet (ordinære studieprogram og EVU). Programmet Religious Roots of Europe (ein felles master i eit samarbeid mellom universiteta i Aarhus, København, Lund og Oslo) vil bli evaluert i 2018. Det faglege innhaldet i kristendomsmasteren vil bli ivaretatt gjennom fordjuping innanfor RESA-programmet. Vidare vil vi i prosjektperioden avgjere om fakultetet skal utvikle ein Master i teologi, og korleis denne skal profilerast i høve til profesjonsstudiet i teologi.

Rekruttering: Arbeid med rekruttering vil framleis vere ein hovudprioritet. På bakgrunn av svake rekrutteringstal for profesjonsstudiet i 2016-17 vil hovudtyngda av rekrutteringsarbeidet i planperioden rette seg mot potensielle prestestudentar (jf. større revisjonsarbeid teologistudiet, påbegynt 2017).

Forventa resultat ved utgangen av 2018

- Nye rutinar for arbeidet med rekruttering er implementert, med organisering under studiedekanan.
- Vedtak er gjort om framtida til svaktrekrutterande studieprogram, likeeins spørsmålet om kor vidt ein Master i teologi skal utgreiast nærare.
- Forholdet mellom de tidlegare PTS-tilsette sin kompetanse i praktisk teologi og TFs kompetanse innanfor kyrkjeleg undervisning, profesjonsetikk og diakoni er tematisert, med eventuelle vedtak om nye studietilbod.
- Fleire nye teologistudentar enn dei to føregåande åra.

Forventa resultat ved utgangen av 2020:

Fakultetet si rekruttering til profesjonsstudiet i teologi er styrkt.

Tiltak B:

Aktivitet: EVU

Fakultetet vil konsolidere si etter- og vidareutdanningsverksemd, opp mot presteskapet, andre kyrkjeleg tilsette og religiøse leiarar, samt gjennom utdanning av samtalepartnarar og dialogpilotar.

Forventa resultat ved utgangen av 2018:

- Fakultetet sitt vidareutdanningstilbod i kyrkjeleg undervisning er konsolidert.
- Planar er lagt for å følgje opp breiddekontakten med presteskapet i etterkant av reformasjonskurset.
- Samarbeidet med Hamar bispedømme og Døvekirken om fleksible studiar i kyrkjeleg undervisning er fullført, og videreføring er drøfta.
- Kurset «Arbeidsveilederutdanning for kirkelig ansatte» (treårig) er gjennomført.
- Ei sjettede runde av kurset «Å være religiøs leder i det norske samfunnet», framleis finansiert av Kulturdepartementet, er gjennomført.
- Andre runde av tjuopoengskurset «Dialogpilot» er fullført.
- Sjansane for å få til eit eventuelt nytt kurs for samtalepartnarar om tru og livssyn (i samarbeid med STL, helsevesenet og andre offentlege institusjonar) er utgreidd.
- Spørsmålet om ein eigen erfaringsbasert eller ordinær master i praktisk teologi for studentar med annan religiøs bakgrunn enn den kristne, er utgreidd.
- Ressurssituasjonen i AKS (TFs «Avdeling for kompetansehevende studier») er utgreidd, i lys av vårt aukande EVU-tilbod.

Ansvar: Studiedekanen i samarbeid med studieadministrasjonen, dei aktuelle programleiarane og Avdeling for kompetansehevende studier (AKS).

FORSKING

Tiltak som skal gjennomførast på fakultetsnivå:

Tiltak 3 (UiO):

Einingane skal ha ein klår auke i finansiering frå EU-systemet.

Forventa resultat ved utgangen av 2018:

- Fakultetet har gjennomgått prosjektporteføljen sin og identifisert område i dei tre hovudgruppene i Horisont 2020 der ein har størst potensial for å auke deltakinga si.

Forventa resultat ved utgangen 2020:

- Eininga har ein årleg auke i talet på søknader og gjennomslag innanfor dei tematiske områda i Horisont 2020.
- Eininga har auka gjennomslag innanfor European Research Council i Horisont 2020.

Aktivitet:

TF må lukkast i å hente inn nye eksterne forskingsmidlar for å sikre eit naudsynt handlingsrom. Det må arbeidast planmessig med å skape gode rammevilkår for dei sterkaste forskingsmiljøa og styrkje TF som forskingsinstitusjon. Fakultetet vil ta del i UiOs mobilisering til deltaking i EUs rammeprogram.

HUMEVAL etterlyste ein endå meir ambisiøs forskingskultur, og peikar mellom anna på at den globale horisonten for forskinga i sterkare grad må fram. Dette er eit viktig perspektiv med tanke på å

lukkast i ERC. Forskargrupper vil vere viktige arenaer for å utvikle søknader om eksterne forskingsmidlar. Vi vil leggje til rette for å trekkje lærdom av dei vellukka forskingsgruppene og dele god praksis internt i fagmiljøet. Fakultetet skal synleggjere gode forskargrupper nasjonalt og internasjonalt, og vil setje i verk eit utgreiingsarbeid som i første omgang skal kartleggje gruppene sine sterke sider og utviklingspotensial. Dette kan skje innanfor fakultetets forskarstøtteprogram SØKUT.

Vi vil arbeide med å utvikle SØKUT vidare. Fokus på forskargruppene vil vere ei utviding av SØKUT, som dermed ikkje berre er knytt til einskildforskarar. Det er òg viktig å støtte opp under søknader til Forskningsrådet. Fakultetet treng å fornye porteføljen knytt til NFR, då dei fleste av prosjekta her blir fullførte i 2018.

Forventa resultat ved utgangen av 2019

- Fakultetet skal ha sendt inn 2-3 ERC-søknader og minst eit tilsvarande tal til Forskningsrådet.

Forventa resultat ved utgangen av 2020:

- Fakultetet skal ha fått innvilga ein ny EU-søknad og fleire NFR-søknader ved utgangen av 2020.

Milestolpar for gjennomføring:

- 31.03.2018: Prosjektporteføljen gjennomgått og identifisert område i dei tre hovudgruppene i Horisont 2020 med størst potensial for deltaking.
- 01.05.2018: Arbeidet med å synleggjere gode forskargrupper ved fakultetet er sett i verk

Ansvar:

Forskingsdekanen

Frist for gjennomføring:

31.12.2020

Tiltak 4 (UiO):

Rekrutteringsprosessane ved UiO skal forbetrast.

Forventa resultat ved utgangen av 2018:

- Fakultetet har implementert eigne rutinar som skal sikre snøggare tilsetjing.
- Fakultetet har redusert gjennomsnittleg tid for rekruttering av vitskapeleg tilsette.

Forventa resultat ved utgangen av 2020:

- Fakultetet har følgd opp og sett i verk tiltak i samsvar med UiOs rekrutteringsstrategi.

Aktivitet:

Fakultetet har innført nye rutinar for tilsetjing i vitskapelege stillingar, som no blir testa ut gjennom dei pågåande tilsetjingsprosessane. I 2018 vil vi gjennomføre ei evaluering av prosessane og om bruken av kartleggingskomité har svara til intensjonen.

Vi vil kartleggje gjennomsnittleg rekrutteringstid ut frå den sentrale bestillinga, og vi vil også følgje med i det sentrale arbeidet som går føre seg på feltet for å sjå kva vi kan lære av det.

Forventa resultat ved utgangen av 2019:

- Fakultetet har redusert gjennomsnittleg tid for rekruttering av vitenskapelig tilsette og forbedra tilsetjingsprosedyrane.

Milestolpar for gjennomføring:

- 31.12.2018: Fakultetet har evaluert tilsetjingsprosessar som er gjennomførte etter innføringa av nye rutinar.

Ansvar:

Dekanen

Frist for gjennomføring:

31.12.2020

EIGNE TILTAK FORSKING**Tiltak C:**

Fakultetet vil arbeide med å styrkje forskarutdanninga, og auke fokuset på karriereutvikling for rekrutteringsstillingane.

Aktivitet:

Revisjonen av ph.d.-programmet har vorte implementert i 2017. Samla sett representerer tiltaka ei styrkt forskarutdanning og legg til rette for auka gjennomstrøyming. Det er viktig at forskarrekruittane tek del i opplegga som relevante forskarskolar gjev. Fakultetet skal auke deltakinga i RVS. I samsvar med revisjonen av forskarutdanninga vil det blir oppretta eit vegleiarforum ved TF.

Fakultetet er oppteke at ph.d.-kandidatane får god rådgeving med omsyn til vidare karriere, både innanfor og utanfor academia. Vi vil arbeide med tiltak for karrierevegleiing. Her vil den nasjonale forskarskolen ATTR kunne spele ei viktig rolle. Vi vil òg dra vekslar på det sentrale karrierevegleiingsprosjektet ved UiO og mentorprogrammet for kvinnelege postdoktorar ved UiO.

Tilsetjingsperioden for stipendiatar er endra frå 4 til 3 år. Dei som leverer doktoravhandlinga innanfor normert tid, får rett til gjennomføringsstipend. Innhaldet i det fjerde året vil vere eit viktig element i vidare karrierebygging og medverke. Fakultetet vil lage ein plan for kva innhaldet konkret skal vere.

Forventa resultat ved utgangen av 2018:

- Fakultetet har effektivisert og styrkt forskarutdanninga.

Forventa resultat ved utgangen av 2020:

- Auka rekruttering til phd.-programmet og fleire disputasar årleg.
- Karriereutvikling er eit tilbod for alle rekrutteringstilsette ved fakultetet

Milestolpar for gjennomføring:

- 30.06.2018: Plan for innhaldet i det fjerde året for stipendiattilsetjingane er laga og implementert.
- 30.06.2018: Eit vegleiarforum er oppretta.
- 31.12.2018: Ph.d.-programmet har i samarbeid med andre aktørar gjennomført ein karrieredag for rekrutteringstilsette.

Ansvar:

Forskingsdekanen

Frist for gjennomføring:

31.12.2020

Tiltak D:

Oppfølging av HUMEVAL og utarbeiding av ein forskingsstrategi

Aktivitet:

Med utgangspunkt i HUMEVAL og oppstarten av arbeidet med å revidere strategiplanen for TF, vil vi utvikle og implementere ein ny forskingsstrategi som har som hovudambisjon å styrkje fakultetet som forskingsinstitusjon nasjonalt og internasjonalt. Denne prosessen skal samkøyrast med det tilsvarande arbeidet med ein utdanningsstrategi.

Forventa resultat ved utgangen av 2018:

- Profesjonalisering av det forskingsstrategisk arbeidet

Forventa resultat ved utgangen av 2020:

- Auke i tildelte forskingsmidlar

Milestolpar for gjennomføring:

- 31.12.2019: Forskingsstrategien er vedteken og implementert som del av fakultetets samla strategiarbeid.

Ansvar:

Forskingsdekan

Frist for gjennomføring:

31.12.2019

SAMFUNNSKONTAKT OG FORSKNINGSFORMIDLING

Tiltak som skal gjennomførast på fakultetsnivå:

Tiltak 5 (UiO):

Fakulteta skal sikre at kommunikasjonsarbeidet støttar opp om universitetets samfunnsoppdrag og einingane sine strategiske prioriteringar og setje i verk og gjennomføre målretta og målbare tiltak for forskingsformidling og samfunnskontakt.

Forventa resultat ved utgangen av 2018:

- Eininga har identifisert dei viktigaste strategiske prioriteringane som forskingsformidling og samfunnskontakt kan støtte opp om og prioritert relevante målgrupper.
- Eininga har sett i verk målretta tiltak for forskingsformidling og samfunnskontakt og planlagt korleis effekten av tiltaka skal evaluerast.
- Fakultetet tar i bruk mal for måling av kommunikasjonstiltak knyttet til forskningsformidling utviklet av UiO sentralt og fakultetene gjennom Kommunikasjonsnettverket.

Forventa resultat ved utgangen av 2020:

- Eininga har evaluert kva for effekt kommunikasjonstiltaka har hatt for dei strategiske prioriteringane.
- Eininga har medverka til at dei leiande fagfelta og dei sterkaste miljøa ved eininga er kjende i prioriterte målgrupper.

Aktivitet:

Utviklinga av ein forskingsstrategi vil inkludere arbeid med forskingsformidling og samfunnskontakt. Der vil fakultetet identifisere dei strategiske prioriteringane som forskings- og samfunnsformidling skal støtte opp om, og prioritere relevante målgrupper.

Vi vil opprette ei eiga arbeidsgruppe for å gjere eit forarbeid til ein kommunikasjonsstrategi. Føremålet er å avklare og greie ut viktige problemstillingar knytt til kommunikasjonsarbeidet ved fakultetet.

Det vil bli lagt tydelege føringar for kva dei vitskapeleg tilsette skal registrere av formidlingsaktivitetar i Cristin frå 2017 av. Føremålet er å endre registreringskulturen. Formidlingsaktivitetar skal vere tema medarbeidarsamtalar og i forskingsamtalar med forskingsdekanen. Det skal gjennomførast ei nullpunktundersøking for 2016 som ein kan nytte som samanlikningsgrunnlag for seinare undersøkingar av formidlingsaktiviteten ved fakultetet. Det vil bli sett ned ei programgruppe som skal vidareutvikle bruken av Læringscenteret.

Forventa resultat ved utgangen av 2018:

- Arbeidet med samfunnskontakt og forskingsformidling er konkretisert og profesjonalisert gjennom utviklinga av ein kommunikasjonsstrategi.

Forventa resultat ved utgangen av 2020:

- Effekten av kommunikasjonstiltaka er evaluert, og har medverka til at fakultetets verksemd er betre kjend i akademia og i samfunnet elles.

Milestolpar for gjennomføring:

- 01.03.2018: Det er sett ned ei programgruppe for Læringscenteret
- 15.04.2018: Nullpunktundersøkinga er gjennomført.
- 15.06.2018: Rapporten frå arbeidsgruppa ligg føre.
- 31.12.2018: Kommunikasjonsstrategien er ferdigstilt.

Ansvar:

Dekan/forskningsdekan

Frist for gjennomføring:

31.12.18

INNOVASJON

Tiltak som skal gjennomførast på fakultetsnivå:

Tiltak 6 (UiO):

Fakultetet skal arbeide ut konkrete mål og setje i verk tiltak innanfor desse definerte innsatsområda:

- Innovasjonskapasitet - kultur, kommunikasjon og leiarskap
- Kommersialisering og entreprenørskap
- Organisering av strategiske alliansar, næringslivskontakt og nye møteplassar
- Studentinnovasjon
- Utdanning

Forventa resultat ved utgangen av 2018:

- Fakultetet har arbeidd ut planar for innovasjonsaktiviteten og sett i verk tiltak innanfor minimum eitt innsatsområde.

Forventa resultat ved utgangen av 2020:

- Fakultetet har auka innovasjonsaktivitet innanfor prioriterte innsatsområde.

Aktivitet:

Eit felles innovasjonsløft ved UiO har som mål å skape ein klår visjon og ambisjon, og utvikle ein sterk identitet for innovasjonsarbeidet ved institusjonen. Det viktigaste bidraget til innovasjon skjer

indirekte gjennom å utdanne kandidatar, drive nyskapande forskning og utveksle kunnskap og kompetanse med næringsliv, organisasjonar og offentleg sektor.

Fakultetet har arbeidd aktivt med å finne vår form og plass innanfor innovasjonsomgrepet. Sentralt i vår faglege samanheng vil vere kva som er grensefeltet mellom samfunnsbidrag (impact) og innovasjon. Ved TF har vi knytt innovasjon særleg til EVU-sektoren og kursinga av religiøse leiarar med utanlandsk bakgrunn. Det er mogleg å sjå dette som ein innovasjons-lik aktivitet. Det same gjeld arbeidet med fleirkulturell sjelesorg. Forskingsprosjektet NORDHOST kan ha potensial til å medverke til å fornye politikk og samfunnsdebatt knytt til migrasjon og velferdsstat. Vi har byrja eit arbeid med desse miljøa med tanke på å utforske innovasjonspotensialet ved fakultetet. Dette arbeidet vil vi føre vidare i 2018 med tanke på konkretisering, ambisjonar og mål.

Forventa resultat ved utgangen av 2018:

- Har etablert ein prosess med interne og evt. eksterne aktørar

Forvente resultat ved utgangen av 2019:

- Auka medvit om og synleggjering av innovasjonsaktivitet ved fakultetet.

Milestolpar for gjennomføring:

- 30.06.2018: Har gjennomført ein workshop med tanke på å klargjere moglegheitene for eit vidare arbeid knytt til migrasjon og religion.

Ansvar:

Forskingsdekanen

Frist for gjennomføring:

31.12.2019

LIKESTILLING KJØNNBALANSE OG MANGFOLD

Tiltak E:

Fakultetet vedtar ny handlingsplan for likestilling, kjønnsbalanse og mangfold

Aktivitet:

TF vil også utvikle en handlingsplan for likestilling, kjønnsbalanse og mangfold. Vi ser at vi har et behov for å styrke mangfoldskompetanse hos oss. Det er en ledelsesutfordring og rommer samtidig kulturelle utfordringer. TF har de siste årene fått en stadig mer sammensatt studentgruppe. Vi har også en økende andel tilsatte med utenlandsk bakgrunn. Begge deler stiller krav til hvordan vi håndtere arbeidet og virksomheten, slik at den er mest mulig inkluderende.

Ansvar:

Dekanen

Frist for gjennomføring:

30.06.2018